

Delegasjonsreglement for Selje kommune.

(Vedteke av Selje kommunestyre den 29. april 2009 sak 032/09)

1. Generelt om delegering

1.1 Definisjonar.

Med *vedtak* er meint ei avgjerd som vert gjort under utøving av offentleg mynde og som generelt eller konkret er avgjerande for rettar og plikter til private personar (einskildpersonar eller andre private rettssubjekt).

Med *vedtakskompetanse (mynde)* er her meint retten til å fatte vedtak.

Å *delegere* vil seie å tildele andre det mynde som ein sjølv har.

Tittelen *rådmann* er i Selje kommune nytta for det som i kommunelova er nemnt som administrasjonssjef.

Ved delegering til administrativt nivå, skal dette i følge kommunelova skje til rådmannen. Rådmannen sjølv kan delegere vidare til øvrig administrasjon, med unntak av der det i reglementet er delegert til *rådmannen sjølv*.

1.2 Politisk organisering

Delegering av avgjerdsmynde heng saman med den politiske organiseringa i Selje kommune. Organiseringa er vedteken av kommunestyret den, sak, og har i prinsippet fire beslutningsnivå:

1. Høgaste nivå (politisk): Kommunestyret
2. Nest høgaste nivå : Formannskap og faste politiske utval
3. Tredje høgaste nivå : Ordførar
4. Fjerde høgaste nivå (administrativt): Rådmann. Rådmannen kan delegere vidare. Rådmannen si vidaredelegering er eit administrativt vedtak og er ikkje omfatta av dette delegasjonsreglementet.

1.3 Siktemål.

Siktemålet med delegasjonsreglementet er å fastsetje

- kva for saker som skal avgjerast av kommunestyret sjølv
- kva saker som er delegert til avgjerd hjå formannskap og faste politiske utval
- kva saker som er delegert til avgjerd av ordføraren
- kva saker som er delegert til avgjerd av rådmannen.

I tillegg fastset delegasjonsreglementet korleis tilbakerapporteringa av delegert mynde skal føregå.

1.4 Prinsipp for delegering av avgjerdsmynde.

Delegeringsreglementet bygger på desse prinsippa:

1.4.1 Prinsipp for kommunestyret sitt avgjerdsmynde.

Kommunestyret er det øvste avgjerande organ og har overordna ansvar for heile den kommunale verksemda.

Kommunestyret handsamar alle saker som kommunelova seier skal handsamast av *kommunestyret sjølv* (så kommunelova § 6). Dessutan handsamar kommunestyret saker ut frå andre lover der lova seier at eit vedtak skal fattast av *kommunestyret sjølv*.

Kommunestyret står fritt til å trekke attende delegert mynde kva tid som helst. Kommunestyret står også fritt til kva tid som helst å få seg førelagt tilbakerapportering i samband med delegering.

Dette reglementet inneheld og reglar for tilbakerapportering frå bruk av delegert mynde.

1.4.2 Prinsipp for delegering til formannskapet og faste politiske utval.

Området for formannskapet sitt mynde er budsjett- og økonomisaker og arbeidsgjevarsaker. I tillegg er formannskapet personidentisk med valstyret og med arbeidsgjevarsida sine representantar i administrasjons utvalet. Formannskapet har elles det mynde som går fram av ”Reglement for formannskapet i Selje kommune”.

Mynde til det/dei faste politiske utval er slik det framgår av reglement for vedkomande utval.

1.4.3 Prinsipp for delegering til rådmannen.

Rådmannen har fullmakt til å treffe einskildvedtak innanfor det myndeområdet som er avgrensa i dette reglementet kva gjeld kommunelova eller den einskilde særlov og når saka etter ei konkret vurdering vert å sjå på som ikkje verande av prinsipiell karakter (kommunelova § 23 nr. 4).

1.4.4 Framgangsmåten for å avgjere om ei sak er prinsipiell.

Eit sentralt skilje i dette reglementet er å avgjere om ei sak er av prinsipiell eller ikkje-prinsipiell karakter. Rådmannen har avgjerdslemynde i alle saker av ikkje-prinsipiell karakter.

Kva som er ”ikkje-prinsipiell” vert å avgjere etter ei konkret vurdering av den einskilde saka etter følgjande framgangsmåte:

- Ei sak er prinsipiell dersom administrasjonen ønskjer eit vedtak som bryt med den praksis som ligg føre (eit ønskje om ein ny praksis), eller som går ut over dei retningslinene som måtte eksistere.
- På same måte er saka prinsipiell dersom tilsvarande saker ikkje har vore handsama tidlegare, og det einskildvedtaket som skal treffast kan skape presedens for framtidige saker.
- Einskildsaker der administrasjonen har ei sakleg grunngjeving for å avvike frå det forvaltningsmessige likskapsprinsippet, skal alltid handsamast i eit politisk organ.
- Ei ”ikkje-prinsipiell” sak kjennast ved at saksområdet er godt utvikla, og at det ligg føre presedens eller praksis for kva vedtak som skal fattast opp mot fakta i den einskilde saka, eller som skal utøvast på saksområdet innanfor gjevne retningsliner.
Omgrepet retningsliner vert her brukt om lover, føreskrifter eller annan skriftleg vegleiing som er utarbeidd av forvaltningsorgan til bruk på

saksområdet, eller reglement som er vedtekne for å nyttast innan saksområdet.

Er det tvil om på kva nivå ei sak skal vedtakast, har ordførar og rådmann ansvaret for å kartleggje dette. Dersom det framleis er tvil, går saka til politisk handsaming.

Ut over desse retningslinene har administrasjonen ei generell plikt til å vurdere ei sak ut frå sitt konkrete innhald, for på den måten å avklare om det er ei sak som skal avgjerast politisk eller administrativt.

1.5 Prinsipp for kontroll og tilbakemelding.

Delegering av vedtaksmynde er ein lekk i eit styrings- og vedtakssystem. Det er samstundes lagt opp til eit system for kontroll og tilbakemelding.

1.6 Generelle reglar om bruk av delegert fullmakt.

1.6.1 Retningsliner for utøvande fullmakt.

All delegert fullmakt skal utøvast i samsvar med lover, føreskrifter og retningsliner som er gjevne av overordna organ, og innanfor budsjetterte rammer og føresetnader.

1.6.2 Tilbakekalling av fullmakt i einskildsaker.

Eit overordna organ som har delegert mynde kan krevje å få seg førelagt ei kvar sak som eit underordna organ i samsvar med delegeringsfullmakt har til handsaming. Dersom endeleg vedtak ikkje er fatta, kan det delegerande organ sjølv fatte vedtak i saka. Det same prinsippet gjeld ved delegering til administrasjonen.

1.6.3 Rett til ikkje å gjer bruk av delegert fullmakt i særskilde tilfelle

Den som har fått tildelegert fullmakt kan be det overordna organet om å ta avgjerd dersom særskilde tilhøve tilseier det, med mindre den som ber om det, ut frå lovverket, har plikt til å fatte vedtak.

1.6.4 Klagehandsaming

Handsaming av klage over forvaltningsvedtak følgjer forvaltningslova sine reglar, med mindre anna følgjer av særlov.

1.6.5 Omgjering av vedtak.

Eit organ kan, innanfor rammene av forvaltningslova § 35, gjere om vedtak.

2. Saker som skal avgjerast av kommunestyret sjølv.

Formuleringa "kommunestyret sjølv" inneber at retten til å treffe vedtak ikkje kan overførast til andre folkevalde organ eller til administrasjonen. Det ligg då føre eit delegeringsforbod.

Dette kan

- a) vere fastsett i lov – kommunelova eller særlov
- b) vere fastsett gjennom hverande delegeringsreglement og i samsvar med kommunelova.

2.1 Saker som ut frå kommunelova skal handsamast og avgjerast av kommunestyret sjølv.

Mange av kommunelova sin reglar er formulerte slik at det vert gjeve ei ufråvikeleg tilvising om at saker skal handsamast av kommunestyret.

2.2 Ikkje-lovfesta saker som ut frå saka sitt prinsipielle innhald og/eller storleik/omfang skal handsamast av kommunestyret.

2.2.1 Vedta den politiske organisasjonsstrukturen og hovudtrekka i den administrative.

2.2.2 Vedta saker om kommunestyret sin forretningsorden.

2.2.3 Handsame saker som ordførar eller eit fleirtal av kommunestyret sine medlemmer sjølv vedtek.

2.2.4 Selje kommune sitt budsjett.

Kommunestyret sjølv vedtek kommunen sitt årsbudsjett, og vidare:

- Mål og premisser for drifta knytta til einingane
- Eit driftsbudsjett fordelt på einingar saman med netto driftsramme
- Forventa skattar og rammetilskot for komande år og naudsynte endringar i løpet av budsjettåret
- Omprioriteringar mellom einingane når dei er av vesentleg eller prinsipiell art
- Investeringsbudsjett og naudsynte endringar i løpet av året. Tiltak og prosjekt finansiert av ei eining si driftsramme, men som av forskriftsmessige grunnar må først i investeringsrekneskapen, kan vedtakast av rådmannen
- Bruk av kapitalfond, disposisjonsfond og øvrige fond, med unntak av disposisjonsfond avsett frå flyktningsmidlar
- Nivået på avgifter og gebyr for kommunale tenester der slik mynde ikkje er gjevne andre organ etter lov, forskrift eller delegasjon.

2.2.5 Tilsetting.

Kommunestyret konstituerer, tilset og seier opp rådmann, rådgjevarar og økonomileiar.

3. Delegering til anna politisk nivå.

3.1 Delegering til formannskapet

3.1.1 Budsjettsaker

I medhald av kommunelova § 8 nr. 3 skal formannskapet handsame framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak og legge fram sine tilrådingar i desse sakene.

3.1.2 Utvida mynde i hastesaker

Med heimel i kommunelova § 13 nr. 1, delegerer kommunestyret til formannskapet mynde til å treffe vedtak i alle saker som det etter reglane er høve til å delegere, og som normalt skulle ha vore avgjort av kommunestyret sjølv eller av eit av dei faste utvala, når det er naudsynt at vedtaket treffast så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette.

3.1.3 Valstyre

Valstyret etter vallova § 4.1, skal, så lang det er mogeleg, vere personidentisk med formannskapet. Ordførar er leiar av valstyret. Med heimel i vallova § 4.2 får valstyret delegert mynde til å føreta val av medlemar og varamedlemar til røystestyra, og mellom desse velgje leiar og nestleiar.

3.1.4 Kontroll av investeringar.

Formannskapet fungerer som overordna kontrollorgan for kommunale investeringsprosjekt.

3.1.5 Arbeidsgjevarsaker

Kommunestyret delegerer til formannskapet å treffe vedtak om kommunen si røystegjeving i arbeidsgjevarspørsmål innanfor Kommunenes Sentralforbund, samt godkjenne lokalt inngåtte tariffavtalar.

3.1.6 Andre saker

Kommunestyret delegerer til formannskapet å treffe vedtak i saker/saksområde som ikkje er delegert til andre organ/utval.

Dei sakene som kommunestyret ber formannskapet om å handsame kjem i tillegg til det som her er nemnt.

3.2 Delegering til driftsutvalet

Driftsutvalet handsamar dei sakene som kommunestyret har fastsett i reglement for dette utvalet.

Driftsutvalet handsamar elles dei sakene som kommunestyret ber utvalet om å handsame.

3.3. Delegering til administrasjonsutvalet.

Administrasjonsutvalet handsamar dei sakene som kommunestyret har fastsett i reglement for dette utvalet.

Administrasjonsutvalet har uttalerett ved tilsetting av tenesteleiarar.

4. Delegering til ordføraren.

Kommunestyret delegerer til ordføraren:

- Oppnemning av politiske representantar i styrer for bedrift, institusjon o.l etter drøfting i gruppleiarmøte
- Oppnemning av representant til generalforsamlingar o.l når vararepresentant ikkje kan møte, og der det ikkje er gjort særskilt vedtak
- Ta initiativ til næringsutvikling i samarbeid med rådmannen
- Fullmakt som kommunestyre som leiar av kommunen si kriseleiing. Fullmakter ut frå vedteken plan for kommunal kriseleiing.
- Avgjere om deputasjon skal mottakast i samband med kommunestyremøte eller formannskapsmøte
- Tilsettingar, etter drøftingar i gruppleiarmøter, når rådmannen er inhabil

5. Delegering til administrasjonen

Kommunestyret delegerer til rådmannen:

5.1 Saker som ikkje er prinsipielle

Å treffe vedtak i ein-skildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

5.2 Personalsaker

Kommunestyret delegerer til rådmannen retten til å ta avgjerd i følgjande saker:

- a) å representere arbeidsgjevar i alle tilhøve, så langt anna ikkje er vedteke i dette reglementet
- b) å tilsetje i alle stillingar etter Hovudavtalen
- c) å vedta organisatoriske endringar etter arbeidsmiljøutvalet har hatt høve til å uttale seg, jfr. Hovudavtalen
- d) å avgjere alle typar permisjonar som vert gjevne etter lov, avtale eller reglement
- e) å avgjere om det skal gjevast høve til ekstraarbeid utanom hovudstilling i kommunen
- f) å inngå forlik i rettstvistar om forståing eller gyldigheit av lokale avtalar.

5.3 Budsjettsaker

Vidare delegerer kommunestyret til rådmannen å ta avgjerd i desse sakene:

- a) å fordele kommunestyret sine vedtekne rammer for skattar, rammetilskot, renter og avdrag i samsvar med detaljert kontoplan
- b) å fordele kommunestyret sine vedtekne rammer for einingane vidare ut på tenester, ansvar og art i samsvar med oppgåver, organisasjon og myndestruktur.
- c) Å føreta mindre endringar mellom einingane når endringane følgjer av rekneskapstekniske omsyn eller flytting av oppgåver og at nivået på tenestene ikkje vert endra
- d) Å fatte vedtak om igangsetjing eller utviding av driftstiltak, når dette medverkar til oppnåing av politisk vedtekne målsettingar og er innanfor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke
- e) Å fatte vedtak om igangsetting eller utviding av driftstiltak, når det er gjeve eksternt øyremerka tilskot til tiltaket som fullt ut dekkjer utgiftene. Om driftstiltaket treng kommunal eigenandel og driftstiltaket er innanfor politisk vedtekne målsettingar, skal formannskapet godkjenne bruken av kommunal eigenandel til tiltaket. Om tiltaket bitt kommunen til auka utgifter seinare år, skal igangsetjing av tiltaket godkjennast av kommunestyret.
- f) Å overføre driftsmidlar til investeringsbudsjettet når kjøp finansiert av einingane sine driftsmidlar er av investeringsmessig karakter.
- g) Å overføre eksterne tilskot til nytt budsjettår når oppgåva ikkje er slutført og det vil vere ei ulempe for kommunen at tilskotet ikkje overførast.
- h) Å avtale vilkår for låneopptak som kommunestyret har vedteke å ta opp til investeringsføremål, herunder avtale refinansiering av lånegjeld når dette vert gjort utan at nedbetalingstida vert endra.

Rådmannen er forplikta til:

- Å gjennomføre fastsette mål for einingane innanfor dei rammer og premisser kommunestyret har vedteke
- Å rapportere måloppnåing og endra budsjettmessige vilkår i løpet av året, både på inntekts- og utgiftssida. Rapporten skal leggjast fram etter 4 og 8 månaders drift.
- Å avlegge årsrapport for kommunestyret med vurdering av måloppnåing og økonomisk analyse.

6 Rutinar for tilbakerapportering og kontroll

6.1 Administrativ tilbakerapportering.

- Årsrekneskap og årsmelding skal avleggast i vårhalvåret etter budsjettåret i tråd med forskrifter. Årsmeldinga skal avspegle status så vel for økonomisk resultat som for måloppnåing.
- Kommunestyre og formannskap skal ha framlagt rapportar for måloppnåing og økonomi i samsvar med økonomireglementet.
- I tillegg kan rådmannen påleggjast å gje tilbakerapportering, spesielt innan særskilde områder, i løpet av driftsåret.
- Dersom det er tvil om utøvinga av delegert mynde, eller det er problem knytta til utøvinga av myndet, plikter rådmannen å melde dette til formannskapet eller kommunestyret.

6.2 Politisk tilbakerapportering

- Hastevedtak i formannskapet skal meldast til kommunestyret i påfølgjande møte.
- Verksemda i formannskapet og driftsutvalet meldast tilbake til kommunestyret ved at møtekartet sendast ut på førehand og utskrift av vedtak i etterhand til alle kommunestyremedlemar.
- Kommunestyremedlemar vil og kunne be om å få tilsendt særskilte saker frå formannskapet.
- Ordføraren gjev tilbakemelding til formannskapet om utøvd mynde.

7 Rutinar for endring av delegeringsreglementet

Kommunestyret kan til ei kvar tid endre delegasjonsreglementet.

Redaksjonelle endringar eller endringar som ikkje medfører endra nivå for vedtakskompetanse, gjennomførast av rådmannen. Ved tvil, vert handsamingsmåten avgjort av ordføraren.